Reguleringsføresegner for Småliene,del av Fonnebø gnr.111 bnr.6, Vinje

FØRESEGNER

17 JUNI 2008
8853/08

§ 1
Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.
Infrastruktur VVA, kablar o.l skal visast som vedlegg til planen

§ 2
Området er regulert til fylgjande føremål:
Byggeområde
Område for jord og skogbruk
Spesialområde (veg)

§3 BYGGEOMRÅDE
HYTTER/ FRITIDSBYGG
a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.
b) Frittliggande hytter skal ikkje ha meir enn 100 m2 BYA (bygd arael).
Bygningane skal ha saltak, gesimshøgd maks. 3,5 m. mønehøgd maks.5,5 m. over terreng.
Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphaveleg terreng.
Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledning og naturvenlege, mørke fargar.
Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader og tekkast med torv.
c) Med byggesøknad skal det ligge situasjonsplan I mål 1:500 som syner:
Tomtestorleik, plassering av byggningar og anlegg, intern veg parkering o.a
d) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr.111 bnr.6.
e) Mellom eventuelle verandapillararar skal det gjerdast mot beitedyr.
f) Det kan byggjast anneks/uthus/ maks 20 m2. gesimshøgd maks 3m. mønehøgd maks 4,5m.
f) Det er ikkje tillete med gjerde eller flaggstenger.

§6 FELLESOMRÅDE
Fellesparkering kan nyttast til gjesteparkering .

§ 7 SPESIALOMRÅDE
a) Opparbeidd privat veg, grusveg, b. 3,5m skal nyttast som tilkomstveg til hytter,
til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgåver.
Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.
b) Område regulert til kommunalteknisk oppgåver skal nyttast til oppsetting av renovasjonskonteiner og andre aktivitetar knytt til dette. Eigar av gnr. 111 brn.3 har ansvar for vedlikehald og brøyting av plassen.

§8 VATN OG AVLAUP
Fritidsbustader kan ha låg, middels eller høg sanitær standard. Ved utbygging av middels eller høg sanitær sandard, må det liggje føre avlaupsplan godkjendt av Vinje kommune
Fritidsbustadane med låg sanitær standard kan ikkje ha innlagt vatn, men ha vasspostar ute. Det skal då nyttast biodo.

§9 RENOVASJON
Hushaldsavfall vert tekje hand om gjennom tvungen renovasjonsordning.
Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå Renovest iks.

§10 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L
Alle typar kablar skal leggast i grøfter i samsvar med leidningsplan for området.

§11 FRISIKTSONE ved avkjøyring fv. 801.
Frisiktsone, (6m.x 140m.) må haldast fri for lekamar høgare enn 0.5m og må vara rydda før bygging kan tillatast.

§12 DISPENSASJON
Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unnatak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.

§13 PRIVATRETTSLEGE AVTALER
Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.